

Trygg og framtidisretta



Strategiplan oppvekst 2016 - 2022

Vedtatt i Time kommunestyre 3. mai 2016



Time kommune

Innhald:

1 Innleiing	4
2 Oppvekst i utvikling	6
3 Fleirkulturelt samfunn	8
4 Tidleg innsats	10
5 Oppvekst i informasjonssamfunnet	12
6 Organisasjon og leiing	14



1. Innleiing

Time kommune sin visjon «Trygg og framtidsretta» saman med Kommuneplanen sin samfunnsdel, gjev retning for vegval og prioriterte område i strategiplanen. Oppvekst famnar om mange einingar, og med det eit stort spenn i alder og oppgåver. Området er i tillegg regulert av eit omfattande lovverk og retningslinjer som óg vil vera styrande for val og målsettingar.

Oppvekstområdet omfattar 24 einingar, med over 500 tilsette, som har ansvar for barn og ungdom i aldersgruppa 0 til 18 år. Einingane som ligg inn under kommunalområdet oppvekst består av helsestasjon m/familiesenter og open barnehage, ni kommunale barnehagar, fem barneskular, tre ungdomsskular og ein 1-10 skule, Time kulturskule, Bryne kompetansesenter, Barnevern og Pedagogisk psykologisk teneste (PPT).

Strategiplanen skal vera eit styringsverktøy i einingane i oppvekst. Planen skal gje tydeleg og definert retning mot felles mål. Strategiplanen er utarbeidd i ein prosess saman med tenesteleiarane som har gjeve tilbakemeldingar på fem utvalde fokusområde. Planen legg føringar for einingane med tanke på at alle må laga eigne planar for korleis dei vil arbeida for å nå dei strategiske måla.

Alle einingane i oppvekst, samt dei tilsette som arbeider der, er viktige bidragsytarar og har stor påverknad i møtet med barn og unge. I desse møta vert det lagt til rette for det som vil vera grunnsteinane i barn og unge si vidare utvikling. Dette er eit stort ansvar som krev innsats og forståing for dei behova barn og unge har i ulike aldersgrupper og i ulik livssituasjon. Kompetanse er derfor sett opp som ein gjennomgåande faktor i strategiplanen. Planen set fokus på at det er nødvendig med høg kompetanse i dei ulike einingane og hos dei tilsette. Derfor er det viktig å nytta forsknings- og evidensbasert kunnskap i alle tenestedområda slik at det vert levert tenester av høg kvalitet.

I strategiplanen er det valt ut fem sentrale satsingsområde der det innanfor kvar av desse områda er sett opp mål på kva me ønskjer, og kva me vil gjera for å oppnå dette:

1. Oppvekst i utvikling
2. Fleirkulturelt samfunn
3. Tidleg innsats
4. Oppvekst i informasjonssamfunnet
5. Organisasjon og leiing

Strategiplanen held fram betydninga av at det gjev best resultat om føresette vert involvert og inkludert på eit tidleg stadium i arbeidet med barn og unge. Dette gjeld på alle område, og særleg i dei tilfella der det er behov for ekstra innsats for enkelte barn.

Time kommune har innbyggjarar med mange ulike nasjonalitetar. Arbeidet på dette området er avgjerande med tanke på å sikra god utvikling og god integrering av barn og vaksne i samfunnet.


Tidleg innsats omhandlar kunnskap om barn og unge si utvikling og organisering av tenestetilbodet. Det er viktig å kunna setja inn rett hjelp til rett tid i den enkelte eining og på tvers av fagområda. Denne kunnskapen vil vera styrande for korleis oppvekstområdet organiserer arbeidet og korleis ressursar vert prioritert.

Eit av satsingsområda er oppvekst i informasjonssamfunnet. Bakgrunnen for dette er at me lever i eit samfunn i stadig teknologisk endring og utvikling. For å dra nytte av moglegheitene dette gjev, er det sentralt å sikra at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å kunna bruka teknologien på ein bevisst og god måte. Dette utfordrar etablerte arbeidsmetodar, men fører óg til at me kan tenkja på nye måtar.

Oppvekst satsar på kompetente og tydelege leiarar og medarbeidarar som er opptatte av kvalitet og tenesteutvikling. Som lærande organisasjon skal einingane pregast av evne til å bruka tilgjengeleg og ny kunnskap for utvikling og endring i organisasjonen.



Organisasjonskart i oppvekst.



2 Oppvekst i utvikling

Time kommune sin visjon er trygg og framtidsretta. For å oppretthalda eit trygt tenestetilbod må tenestene utviklast og tilpassast dei behova brukarane til ei kvar tid har. Dette krev fleksibilitet og nytenking i den kommunale organisasjonen. Etterspørselen etter tenester og forventingane til kommunal service vert stadig høgare. Med sterk vekst i befolkninga, auka antal flyktningar, stram kommuneøkonomi og utfordringar med å rekruttera nok fagfolk, må kommunen finna nye måtar å løysa oppgåvene på. For å vera ein økonomisk veldreven og attraktiv kommune å bu og arbeida i, også i framtida, må Time kommune skapa nye og innovative løysingar.

Me ønskjer å ha ein innovasjonskultur, der kvar leiar og medarbeidar i møte med brukaren ser moglegheiter til å endra og betra tenestene i kvardagen. Kvardagsinnovasjon veks ut frå det faglege, som noko nytt eller som ei forbetring av tenestetilbodet. Gjennom å synleggjera dei små, men viktige stega som vert tatt i kvardagen, skapar me læring i organisasjonen. Dette bidreg til innovasjonskultur og kvardagsinnovasjon.

Det er viktig at val som vert tekne er fundamentert på forskning og evidensbasert kunnskap. I dette ligg ei forventning om at me søker tilgjengeleg kunnskap som omhandlar fagområda våre, slik at me utviklar oss profesjonelt og kan ta beslutningar som gjev effekt. Kunst og kultur har sin eigen verdi som bidreg til barn og unge si danning, læring og livskompetanse. Den kulturelle dimensjonen bør ha ein sentral plass i oppveksten til barn og unge i Time kommune.

Det har dei siste tiåra vore sterkt press på arbeidsmarknaden i regionen vår. Det har vore ei utfordring å rekruttera nok kvalifisert fagpersonell til oppvekst. Auka fokus på psykisk helse og førebygging, vil medføra behov for meir kompetanse på dette fagområdet. Rett kompetanse er avgjerande for kvaliteten på tilbodet me gjev barn og unge. Oppvekst har som målsetting at alle fast tilsette skal ha relevant utdanning.

Den viktigaste rekrutteringsarenaen er nærmiljøet vårt. Innovasjonsprosjektet i 2014 som omhandla rekruttering til barnehage og skule, gav oss kunnskap om viktige faktorar som har betydning i rekrutteringsarbeidet. Avstand til arbeidsplass, fagleg nivå og profesjonelt felleskap var avgjerande faktorar ved val av framtidig arbeidsplass. Dette har betydning for korleis me søker opp og tek kontakt med utdanningsmiljø og moglege kandidatar. Omdømmet vårt vert skapt på den enkelte arbeidsplass gjennom eit godt arbeids- og fagmiljø. Korleis me møter innbyggjarane, handterer saker og følgjer dei opp, er òg ein del av omdømmet vårt.

Me har tradisjon for å søkja løysingar gjennom ulike regionale og interkommunale samarbeid. Skuleutvikling gjennom Jærskulen, språkopplæring for minoritetspråklege ved Bryne kompetansesenter og tiltaksavdeling innan barnevern, er eksempel på dette. På område der dette er tenleg, skal me vera pådrivarar for å delta i regionale og interkommunale samarbeid. Dette kan føra til betre tenester og kvalitet innanfor området vårt.

Skulebruksplan 2014-2021 og barnehagebruksplan 2015-2025 viser utviklinga når det gjeld kapasitet og vekst for områda. Me har fleire barn per lærar både i barnehage og skule i forhold til nærliggjande kommunar og landsgjennomsnittet. Den store veksten medfører at det vert større etterspurnad etter tilbod og tenester i alle områda i oppvekst.



Innovasjonskultur skal prega
tenestane i oppvekst

Dette ønskjer me:

- Bruka forskning- og evidensbasert kunnskap.
- Alle fast tilsette skal ha relevant utdanning
- Behalda tilsette og ha eit omdømme som verkar rekrutterande
- Ha kapasitet i einingane for vekst

Dette vil me gjera:

- Tilretteleggja for fagarbeiderutdanning
- Stimulera og leggja til rette for etter- og vidareutdanning
- Delta i regionalt og interkommunalt samarbeid og nettverk for læring og utvikling
- Tilby praksisplassar til lærlingar og studentar
- Avklara framtidige lokalitetar for kulturskule og helsestasjon





3 Fleirkulturelt samfunn

Dei siste åra har me sett ein auke i antal fleirspråklege familiar i Time kommune. Kommunen vert i aukande grad prega av eit kulturelt, språkleg og livsynsmessig mangfald. Ved å nytta den kompetansen og dei erfaringane som ligg i dette mangfaldet, vert me eit rikare samfunn og kan møte utfordringar i ei globalisert verd. Ein fleirkulturell kommune er kjenneteikna ved at ein ser på mangfald som det normale, og nyttar dette mangfaldet som ein ressurs i arbeidet med barn og unge. Individuelle forskjellar er i fokus istadenfor etniske og kulturelle forskjellar.

Omlag 10 % av barn og unge i Time er i dag minoritetsspråklege. Det er barn av flyktningar, arbeidsinnvandrarar og anna innvandring. Me må byggja opp kompetanse i alle einingar for å kunna gje gode tenester til alle innbyggjarane i kommunen. Kunnskap om ulike land og kulturar vil kunna førebyggja fordommar og negative haldningar. I tillegg må ein ha kunnskap om helse hos flyktningar og innvandrarar (minoritetshelse) for å kunna gje likeverdige helsetenester. For å kunna yta service til alle, må ein gje informasjon om oppvekst sine tenester på fleire språk.

Språk er den viktigaste enkeltfaktoren for å kunna forstå og delta aktivt i samfunnet. Oppvekst skal sikra at det vert arbeidd systematisk med språkopplæring både for barn og vaksne i barnehage og skule. Bryne kompetansesenter har ei særleg oppgåve i å gje nyankomne barn og vaksne norskopplæring. Barnehagar og skular må sikra at dei har rett kompetanse og kapasitet til å gje norskopplæring for minoritetsspråklege barn og unge. Dei må synleggjera i planverka sine korleis dei skal arbeida systematisk med dette, og vektlegga at foreldra har ei viktig rolle i språkopplæringa. Eit mangfald av frivillige lag og organisasjonar vil vera viktige arenaer i arbeid med integrering og inkludering. Gjennom fritidsaktivitetar vert ein kjent med norsk kultur og språk, og ein vil lettare verta ein del av det norske lokalsamfunnet. For å sikra at barn og unge har ei aktiv fritid, er det viktig at ein informerer foreldre og føresette om dei ulike tilboda i kommunen, og om kor verdfullt det er å vera del av dette fellesskapet. Nokre vil også ha behov for hjelp til å koma i gang med fritidsaktivitetar.





Mangfald er ein ressurs i arbeidet med barn og unge

Dette ønskjer me:

- Nyttja mangfald som ressurs i arbeidet med barn og unge
- Ha fleirkulturell kompetanse og kunnskap om ulike land og kulturar i alle einingane
- Tilby systematisk språkopplæring til alle
- Bidra til god helse hos flyktningar og innvandrarak
- Ha god tilgang på tolketenester
- Ta i bruk nasjonal strategi for språk, lesing og skriving (Språkløyper)

Dette vil me gjera:

- Stimulera og leggja til rette for vidareutdanning innan fleirkulturelle studium
- Utarbeida informasjon om tenestetilbod på fleire språk
- Skule og barnehage må konkretisera korleis dei skal arbeida systematisk med språkopplæring





4 Tidleg innsats

FN konvensjonen for barn seier noko om barn sine grunnleggjande rettar, og at ein alltid skal ta omsyn til det som er best for barnet. Alle barn har rett til utdanning, mat, medisinar, ein stad å bu, tryggleik, vern mot vald, tid til leik og fritid.

Det er vanleg å operera med tre ulike nivå i arbeidet med å oppdaga barn i risiko og barn som treng tidleg hjelp. Desse nivåa er: universelle tiltak, sekundære tiltak og spesifikke tiltak.

Universelle tiltak er alt det oppvekst gjer for å bidra til å gje barn og unge ein trygg og god oppvekst. Foreldra og andre omsorgspersonar er den viktigaste ressursen for barn og unge. Arbeid med oppvekstmiljøet må derfor i stor grad involvera og inkludera foreldra. For at einingane skal kunna møta barn sine ulike behov, må dei tilsette ha god relasjonskompetanse og kunnskap om psykisk og fysisk helse.

Selektive tiltak er tiltak som vert retta mot ei definert gruppe som har høg risiko for feilutvikling. Oppdaging og tidleg hjelp handlar om å gje alle barn og unge hjelp når behovet oppstår, at hjelpa er den rette og at ho vert opplevd heilskapleg når fleire hjelpeinstansar er nødvendige. Forsking støttar opp om betydinga av tidleg hjelp for å førebyggja helse- og sosiale vanskar. Jo tidlegare hjelp og støtte vert sett inn når problem oppstår, jo betre er føresetnadane til å motverka feilutvikling seinare. Dei tilsette må ha kunnskap om risikofaktorar, faktorar som beskyttar og om kritiske fasar i barnet si utvikling. Tiltak vil ha størst effekt når dei vert retta mot heile familien, og ein føresetnad er å sikra tverrfagleg samarbeid.

Spesifikke tiltak vert sett i verk overfor enkelt barn og unge der det allereie er identifisert høg risiko og utvikla betydelege vanskar. Det gjeld om lag 4 % av barna i Time. Den enkelte eining må ha rutinar for kva tid og korleis dei skal ta kontakt med ulike støttetenester og fagmiljø når eit barn eller ein familie treng meir hjelp enn eininga kan gje.

Alle har opplysningsplikt til barnevernet når me er bekymra for eit barn. Den enkelte eining må sikra at alle tilsette har kjennskap til eiga rolle i arbeidet med å oppdaga, gripa inn og handla på bakgrunn av ei bekymring. Tilsette i oppvekst må ha kjennskap til ulike kompetansesenter og spesialisthelsetenester for kunna tilby rett hjelp til barnet og familien.





Fokus på barns rettigheter og det som er best for barnet

Dette ønsker me:

- Rett hjelp til rett tid på rett stad (RRR)
- Ha fagkompetanse for å identifisera og setja inn tiltak for barn i risiko
- Arbeida systematisk ut frå kunnskap og forskning innan alle fagområde
- Familien skal vera ein naturleg samarbeidspart til beste for barna
- Ha kjennskap til rutinar og system på eigen arbeidsplass og i støttetjenestene

Dette vil me gjera:

- Prioritera tidleg innsats for barn og unge gjennom auka pedagogtettleik i barnehage og skule
- Styrka helsesøstertenesta for tidleg innsats og førebygging i barnehage og skule
- Ha system og rutinar for å identifisera behov og setja i gang tiltak
- Ha system og rutinar som sikrar tverrfagleg samarbeid
- Involvera familie og nettverk når behov oppstår
- Ha system som sikrar gode overgangar
- Redusera andel barn som treng spesialundervisning
- Oppretta avdeling med alternativ tilpassa opplæring (ATO) for barn med store hjelpebehov i grunnskulen





5 Oppvekst i informasjonssamfunnet

Endringane i samfunnet skjer i stadig høgare tempo. Dette stiller krav om at kunnskap vert kontinuerlig fornya. Investering i menneske sin kunnskap og kompetanse, er det viktigaste grunnlaget for framtidig velferd og verdiskaping.

«21. Century Skills» er eit sentralt omgrep innan forskingsfeltet. Dette omhandlar kva ferdigheiter barn som veks opp i informasjonsalderen må utvikla, som grunnlag for framtidig liv og virke. Den teknologiske utviklinga har endra mønsteret for korleis me samhandlar, møter kvarandre og tileignar oss informasjon og kunnskap. Viktige ferdigheiter barn og unge treng, er mellom anna evne til samarbeid, omstilling, kritisk tenking, sjølvregulering, problemløysing og kreativitet. Digital kompetanse vert trekt fram som ein føresetnad for å kunna delta i ulike former for læring og utdanning, og for å delta aktivt i arbeids- og samfunnsliv.

Barn som veks opp i dag lever i eit samfunn der «verda vert stadig mindre» på grunn av den teknologiske utviklinga. Området vårt har både formelle og moralske krav og forventningar knytt til denne utviklinga. Me skal bidra som rollemodellar i det teknologiske samfunnet og leggja til rette for å gje barna kompetanse innanfor feltet. Mange unge har frå tidleg alder stor tilgang til digitale verktøy. Dei er aktive konsumentar av program, spel og sosiale arenaer på nettet. Informasjonstilgangen er svært omfattande, og det er viktig å utvikla kompetansen som omhandlar kritisk tenking og refleksjon rundt eigen og andre si digitale åtferd.

For den digitale generasjonen er teknologien eit naturleg verktøy som opnar opp for nye måtar å læra og samarbeida på. Me er i ein unik posisjon, og har eit særleg ansvar når det gjeld barn si læring og utvikling ved bruk av teknologi. Dette medfører at me må ha kunnskap og kompetanse som gjer at me kan bruka teknologien for læring og utvikling. Teknologien gjev oppvekst nye moglegheiter til å kunna dela informasjon på tvers av fagområde til beste for barna. Eksempel på dette kan vera informasjon om status på ulike område og systematisering av informasjon som kan brukast i arbeid på tvers av tenester. Me må ta i bruk tilgjengelege program som kan brukast på tvers av fagområda.

Foreldra har eit stort ansvar i forhold til barn og unge sin bruk av teknologi og digitale medium. Dei fungerer òg som rollemodellar. Det må vera arenaer der foreldre kan få kunnskap og kompetanse om kva det betyr for barn og unge å veksa opp i informasjonssamfunnet. Dei tilsette i barnehage, skule og andre stader der barn oppheld seg, vil òg ha ei viktig rolle på dette området.





For den digitale generasjonen er
teknologien eit naturleg verktøy

Dette ønskjer me:

- Medarbeidarar med digital kunnskap og kompetanse
- Ha teknologisk verktøy og infrastruktur som er tenlege i samtida
- Digitale verktøy vert brukt aktivt i læring og utvikling
- Medarbeidarar, føresette, barn og unge med eit bevisst forhold til bruk av teknologi
- Vera leiande i regionen vår på digital kompetanse retta mot barn og unge

Dette vil me gjera:

- Prioritera innkjøp av nødvendig utstyr
- Tilby opplæring, etter- og vidareutdanning innan digital kunnskap og kompetanse
- Dela kunnskap og kompetanse med foreldra
- Utvikla barn og unge som har eit reflektert forhold til bruk av digitale media (nettvett)
- Bruka digitale verktøy på innovative måtar i læring, utvikling og i tverrfagleg samarbeid





6 Organisasjon og leiling

Time kommune satsar på kompetente og tydelege leiarar og medarbeidarar som er opptatte av kvalitet og tenesteutvikling. Som lærande organisasjon skal einingane pregast av evne til å bruka tilgjengeleg og ny kunnskap for utvikling og endring i organisasjonen.

«Me gjer kvarandre gode», set standard for samhandlingskulturen i organisasjonen. Denne leveregelen representerer både ei haldning til det me som medarbeidarar gjer, og måten me gjer ting på. Det skal sikrast gode og kvalifiserte leiarar i alle leiarposisjonar, og det er ei prioritert oppgåve å byggja godt leiarskap. Eit satsingsområde her er å gje alle leiarane leiarutdanning. Det skal òg vera god og tydeleg ansvars- og oppgåvefordeling i dei ulike einingane.

Tilgjengeleg statistikk og data frå for eksempel brukarundersøkingar, Kostra, GSI (grunnskulen sitt informasjonssystem) m.m skal brukast som analyse og refleksjon for å følgja utviklinga og setja klare mål i organisasjonen. Det er viktig og knytta dette arbeidet opp mot evidens og forskning. Samla dannar dette grunnlag for vegval og beslutningar som igjen vert innarbeidd i økonomiplanen.

Alle leiarar har eit særleg ansvar for og følgja opp Time kommune sin innovasjonsstrategi. Det er eit klart mål og søkja nye, betre og meir effektive løysingar av dei ulike oppgåvene kommunen har. Tilbakemeldingar frå innbyggjarane i Time kommune skal òg vera viktige bidrag i utforminga av tenestilbodet.

Time kommune har utarbeidd ei rekkje planar som legg føringar for dei tenestetilboda kommunen skal gje til innbyggjarane. Det skal sikrast at planar og strategiar i dei ulike einingane har ei forankring i overordna planverk. Dette vil gje eit tenestetilbod som sikrar prioritering på utvalde satsingsområde.





Utvikling av organisasjonen skal byggja på evidens og forskning

Dette ønskjer me:

- Alle leiarane skal ha leiarutdanning
- At einingane fungerer som lærande organisasjonar
- Leiing som utarbeider eigne planar ut frå analyse av valde område
- Tydelege ansvars- og oppgåvefordelingar på dei ulike leiarnivåa
- Eit planverk med tydeleg samanheng frå eining til overordna planverk i kommunen

Dette vil me gjera:

- Tilby og leggja til rette for at tenesteleiarar kan ta leiarutdanning
- Einingane definerer mål og milepelar for valde område ut frå analyse
- Utarbeida lokale planar i prosess mellom leiar og tilsette
- Tenesteleiarane utarbeider innovasjonsplan for si eining
- Systematisk dialog mellom einingane og kommuneleiinga



